

Nye www.bul.no
er på nettet!

Sjå side 3

Kari Svendsen og Stian
Carstensen på allsongkveld
16. april!

Baksida

BLS nærmar seg
bakkekontakt

Side 2

Viktigaste årsmøte på årtier: 26. mars!

Datoen nærmar seg: Det skal gjerast viktige vedtak på årsmøtet i Bondeungdomslaget. Alle medlemmer over 14 år må sjekka at kontingenten er betalt. Slik er du sikra røysterett. Vi skal ta demokratiske avgjerder i saker som er viktige for oss i framtida. Skal vi snu på flisa? Skal vi våga? Skal vi satsa?

Truleg er dei færreste usamde i at lagslokala er slitte og ser nokså traurige ut. Teatersalen treng opprusting.

BYGGJE NÅR?

Spørsmålet er om vi skal gjere det NÅ eller ein annan gong, og om vi skal gjere det i eitt eller fleire trinn. Det handlar om pengar. Forretningsstyret har innvendingar, men har skaffa middel til forprosjektering. Lagsstyret meiner vi må ta sjansen og starte nå.

HYTTESAL?

Uansett tidspunkt - vi treng å samle verdiane våre i garden R8. Det har vore drøfta før. Nå ligg det føre framlegg om eit praktisk trekk i den leia: Om vi sel ei av hyttene, har vi skaffa oss ein avgjerande del av av eigenkapitalen som trengst for å byggje om Teatersalen.

Ei lag rad av tillitsvalde har lagt

ned eit enormt arbeid i denne saka det siste året, og vi har hatt ein sær effektiv prosjektmedarbeidar som har gjort eit omfattande og grundig arbeid. Vi har gått mange rundar med særлага, rådet og forretningsstyret, og trur at planane nå er godt forankra i organisasjonen.

SLANKE RÅDET?

Organisasjonsprosessen vår går vidare. Den må også fortsette i fleire år frametter. I første omgang kjem det framlegg om å slanke Rådet og presisere oppgåvene deira. Det har vore altfor stort i høve til den medlemsstokken vi har i dag. Revisjonsnemnda og lagsstyret er samde om at vi treng eit lite, men effektivt råd av kuninge, årsmøtevalde folk som skal gi råd i store økonomiske saker.

Om dette vert vedteke, gjer lagsstyret også framlegg om at denne ordninga skal ta til å gjelda straks.

[Leiarsteigen]

For eit år!

Det siste året har vore eitt av dei mest lærerike eg kan minnest. Å finne seg hivi inn som lagsleiar i noko som ikkje nett er ei pølsebu, innebar ei sær bratt læringskurve. Lell trur eg det meste har gått bra. Noko har vi plundra ein god del med - vi har hatt fleire saker som har stilt store krav. Det har vore ei utfordring, ikkje berre for meg, men for heile lagsstyret.

Utdyngingane blir neppe mindre i året som kjem. Om årsmøtet vedtek planen for Teatersalen, må ein halde tunga rett i munnen og ha eit auge på kvar finger. Vi må også koma vidare med utbygginga av heimesidene, og til det trengs både kompetanse og pengar. Vi må passe på at kjerneaktivitetane overlever, om enn kanskje på litt nye måtar, og vi må sjå vidare på korleis vi kan føre organisasjonsutviklinga vidare slik at ikkje prosessen stoppar opp. Den har nok vore lærerik for fleire enn meg. Slik skal det vere! Og god påske!

Helsing Wenche B.





Bjeff:

Ingen bjeffelystne har meldt seg denne gongen. Vi får vel ta det som eit teikn på fredelege tider. Mjau.

BLS-stoda

Ikkje så enkelt i fylkeslaget - men ei nemnd skal greie ut alternative driftsmåtar for eigedomen NB 22.

Styret i fylkeslaget hadde kalla inn til årsmøte 4. mars. Det var mykje tidlegare enn vanleg. Men ettersom vi heldigvis hadde fastsett eit lagsmøte som kunne velge utsendingar, klarte vi å stille med full kvote.

Fylkesstyret hadde utarbeidd eit relativt vidløftig lovendringsframlegg som innebar at det skulle opprettast eit eigedomsstyre utanfor fylkesstyret. Dette var hovudsaka på årsmøtet.

Utsendingane hadde sterke innvendingar mot framlegget, både fordi det var ting som ikkje var haldbare juridisk, og fordi tilrådinga frå leiarmøtet i november om å få greidd ut kva for ordningar for drifta av garden som ville vere mest tenlege, ikkje var tatt omsyn til. Dette må vi bli samde om *før* vi skriv inn i lovene korleis vi skal ha det.

Heile saka vart difor lagt vekk. I staden skal driftsforma utgreiast. Frå BUL vert Gunnvald Grønvik med.

Det låg ikkje føre noko framlegg til nytt styre. I staden fekk årsmøtet sett ned ei ny valnemnd på fire, der Vigdis Rønning og Roy Sævik frå BUL er med. Nytt årsmøte er sett til 22. april.

Barneteatret

Teaterungdom

Barneteatret held nå på å få på beina ei ungdomsgruppe på ca 15 medlemmer med utspring i "Ungdomsfabrikken". Dei skal i gang med verkstader og gå masse på teater i lag, med mål å setje saman eit program til ein open dag i Teatersalen.

Det har vore ein føresetnad at Barneteatret skal finansierast eksternt, og til nå har det lukkast å samle i hop ca 400 000 kroner til forprosjekt og prøveperiode i 2008.

Ved vegs ende

Johan Meyer (1919-2008)

Johan Meyer døydde 2. januar i år. Han vart utnemnd til heiderslagsmedlem i 1999, og la ned mykje arbeid i BUL gjennom ei årrekke.

Han var rådsordførar 1963-66, og leiar i forretningsstyret 1969-82. Han hadde såleis god bakgrunn for å skriva om forretningane til laget i 90-årssoga "Og byen er vår bror".

Prestesonen Johan vart fødd 21. oktober 1919 i Fana, og gjekk på Bergen Handelsgymnas. Han tok ei tid over gardsdrifta då faren vart med i kampar i Telemark under krigen, og hadde sans for jorda og hagearbeid. I det "sivile" liv var han teknisk direktør i Ford Norge.

Johan Meyer var først og fremst ein familiemann, utanom dei verva han hadde i laget og i bransjeorganisasjonane. Han var flink med hendene og hadde stor sans for å fikla med bil og motor.

Vi minnest Johan Meyer med både glede og vemod.

Særlaga

Alle særlaga har halde årsmøte. Det går både opp og ned. Barnelaget har spanande ting på gang.

Songlaget og Spellaget har attvald leiarane Kari Rysst-Paulsen og Henning Værnes. Rune Stenersen har teke over som leiar i Idrottslaget etter Anne Farseth. Leikarringen må ta ein ny runde før dei har eit styre på plass. Alle har klart seg bra økonomisk.

BARNELAGET

er nå i gang med eit forsøksprosjekt saman med Møllergata skule - eit SFO-opplegg med teater, internasjonal og norsk folkedans. Også ungar som ikkje går i SFO får vere med om dei har lyst. Deltakarane er innom alle tre emna etter tur i løpet av halvåret.

Til saman rundt eit 50-tal ungar er med, og planen er at dette skal ende i ei lita førestilling ved skole-slutt. Prosjektet er også eit samarbeid med Barneteatret.

Krim-parodi!

Spellaget

har hanka inn Knut Nærum som manusforfattar og regissør på krimparodien "Mord over ein låg sko", og skal ha premiere fredag 18. april.

BUL endeleg på internett!

Nå kan du søke opp
www.bul.no i nettlesaren din!

Det gjekk ein sukk av letnad gjennom huset da dei nye heimesidene endeleg dukka opp på skjermen ei helg sist i februar. Vegen har vore lang, og mange har streva med å få det til. Lagsstyret takkar dei som har hatt det meste strevet - Trond Reitan, Atle Faye, Anne Farseth og Benjamin Kehlet.

Det som er prioritert, er ei hovudsida for laget, og undersider for særлага, som tener som informasjon utetter. Særлага skal fylle sidene sine sjølve, og har hatt folk med på kurs. Ikkje alle er ferdige. Idrottslaget har kome lengst. Andre stader ser det førebels

litt meir glissent ut. Men vi har lagt ei forklaring på framsida om at sidene er under oppbygging.

Lagsstyret er ansvarleg utgjevar, og har oppnemnt ein redaksjon med Olav-Johan Øye, Wenche Blomberg, Oddfrid Bjørndal (lagskontoret) og Hege F. Pedersen (IL). Dei skal ha ansvar for hovudsida og elles hjelpe og rettleie særлага der det trengst, og sjå til at vi ikkje dummar oss ut offentleg.

Det manglar framleis eitpar ting, som t.d. innmeldingsskjema. Det skal ikkje vere langt unna.

Neste fase i utbygginga av nettstaden er å få interne medlemsider der ein må logge seg inn med medlemsnummer. Der vil vi legge interne dokument, ha eit forum for ordskifte osb. For å få det, må vi setje av en ny sum pengar på budsjettet.

Heimeside-tips

Stoff til heimesidene kan de levere til web-kontakta i særlaget, eller på e-post til web@bul.no. Da kjem det til hovudredaksjonen som handsamar det vidare.

Det de skriv bør formast slik at det er leseleg for alle - enkelt og beint fram. Stoffet skal ha allmenn interesse. Det er fordi vi førebels held på å laga sider som er retta utetter. Om de har vanskar med nynorsken, hjelper redaksjonen til.

Vi vil t.d. gjerne ha gode artiklar med samandrag av soga til laget og særлага. Vi er dessutan svært interessert i gamalt biletmateriale, ikkje berre nye bilete til aktuelle saker. Her må det følge med ei tidfesting, stad, kva eller kven vi ser, og namnet på fotografen om det er kjent.

OPPHAVSRETT

De må vere merksame på at det ikkje berre er å klyppe stoff ut frå andre kjelder, bøker eller internett. Det finst noko som heiter *opphavsrett*. Om de siterer frå andre, må det stå kven eller kor de har det ifrå. Vi må vakta oss vel for å publisere tjueri og plagiat.

Dette gjeld alt materiale, også bilete. Det må vere heilt avklara med den som har rettar til bileta at vi kan publisere dei.

Når de skriv: tenk gjennom kva som er hovudpunkta og trekk dette fram ei ei stutt innleiing. Ein

bør seie det viktigaste først. Så kjem detaljane nedover etter kvart. Hugs å oppgi årstal for hendingar.

De bør tenke gjennom kven de skriv for, og ikkje referere til slikt som berre lagsfolk er kjent med. Da må det forklarast.

Lag avsnitt, med eit poeng i kvart.

Det er lett å skrive altfor langt og bruke ei mengd ord som ikkje er naudsynte. Når du har laga eit utkast, bør du difor gå laus på din eigen tekst med hard hand og prøve å kutta han ned til det halve ("Kill your darlings", heiter det mellom skrivande folk).


TIPS TIL SÆRLAGA

Vi vil rå særлага til å ta kollektivt ansvar for utviklinga av eigne nettsider, og ikkje berre overlata saka til ein stakkars web-kontakt. De kan sikkert få sett av litt tid i nokre pausar til å drøfte kva de nå har av stoff og kva de gjerne skulle ha. Skrivninga må delast på fleire.

Det viktigaste er å få på plass tekstbitar med generell informasjon om særlaget - tider, stader, kontakt-personar, kva de har for mål og ideal og kvifor. Slikt må dessutan haldast ajour heile tida.

Dernest bør de seie noko til det norske folket om kva de har på programmet for tida og kva de har gjort, og passe på at de får tatt bilete av det de gjer. Det kan vere bra PR.

Eit godt råd: Ikkje masse utropsteikn!!!! Ta det piano, piano. Det verkar minst like sterkt.



Attende til:

BUL, Rosenkrantz gt. 8, 0159 Oslo

Lagskontoret

Kontortid kvardagar kl. 9–16
Sentralbord tlf. 2321 4160 lagskontor@bul.no

Kari Bøyum, dagleg leiar, tlf. 2321 4163
kari.boyum@bul.no

Oddfrid Bjørndal, kontormedarbeidar, tlf. 2321 4162
oddfrid@bul.no

Hege F. Pedersen, dagleg leiar Idrottslaget, t. 2321 4168
idrottslaget@bul.no, hege.pedersen@bul.no

Olav Aaboen, arrangement Idrottslaget, tlf. 2321 4169

Tillitsvalde

Lagsleiar: Wenche Blomberg, tlf. 2237 3810
wenche.blomberg@jus.uio.no

Nestleiar: Sveinung Helgheim, tlf. 2271 7205/
9365 2209 shelgh@online.no

Ansvarleg redaktør for BUL-stikka: Wenche Blomberg

Nytt frå IL

IL treng meir pokalplass!

Mange av utøvarane frå IL i BUL har allereie vore i aksjon på stemne på nyåret, og resultatata har ikkje late vente på seg:

Jaysuma S. Ndure har sett to innandørsrekordar på 60 m for menn, den ferskaste lyder no på 6.55 sek.

Cathrine Larsåsen har hoppa over utandørsrekorden frå i sommar med ein cm – 4.22 m gjekk BUL-jenta over i eit innandørsstemne på NIH. Dessverre var det for få deltakarar til at resultatet kunne godkjennast.

Ezinne Okparaebo deltok i VM innandørs i Va-

Kalenderen

MARS

26. mars Årsmøte i laget

APRIL

16. april Allsongkveld i Teatersalen

18. april Premiere i Teatersalen på "Mord over ein låg sko" av Knut Nærum (Spellaget)

Viktige ymser

Ein heidundrande allsongkveld!

Onsdag 16. april reknar vi med høg stemning i Teatersalen:

Kari Svendsen, Stian Carstensen, BUL og heile byen syng våren inn! Vertskap: Songlaget.

Tilskipinga er eit samarbeid med Rikskonsertane. Og ho er GRATIS og open for alle! Her vil det nok løne seg å vere tidleg ute.

17. mai-lunsjen

Vi gjer som i fjor: Førehandssal av billetter i hotell-resepsjonen.

Årets talar er varamann til styret i Noregs Mållag, Reza Rezaee. Songlaget sviktar nok ikkje i år heller, og ein hemmeleg regional varmrett står på bordet.

lencia som einaste norske deltakar. Ho nådde semifinalen med eit godt løp på 60 m: 7.34 og berre ein hundredel bak norsk innandørsrekord. Ezinne blei også norsk innandørsmeister på 60 m føre ei anna BUL-jente, Folake Akinyemi, i februar!

Hugs stoff til: web@bul.no

